



Chestnut Hood

Løpegang:

Plukk opp ca 90 -100 m langs ansiktet med pinne 5. Ikkje plukk opp i dei felte maskane midt framme.

Strikk 6 omg glattstrikk. På neste rettomg, strikk 2 r, 2 rsm, 1 kast, strikk glattstrikk til 4 siste m, 1 kast, lls, 2 r = hol for snor

Strikk 19 omg glattstrikk. (26 omg totalt) Brett kanten dobbelt og sy kanten ned. Då vert kanten elastisk og kan blokkast. Sy fast løpegangen i dei 9 maskane felt midt framme




Snor:

Strikk ei 140 cm lang snor og tre i løpegangen.

Diagram:

Diagrammet lesast frå høgre mot venstre på retta, og fra venstre mot høgre på vranga.

Diagrammet viser berre 1 rapport korleis ei nøtt strikkast. Du treng ikkje bruke diagrammet om det forvirrer deg. Det går fint å strikke etter den skrivne teksta.



- ◻ = Rett på retta, vrang på vranga
- ◻ = LLS, løft, løft, strikk dei to vridd saman
- ☒ = Strikk 2 rett saman
- = Vrang på retta, rett på vranga
- ☒ = Strikk 1, kast, strikk 1, kast, strikk 1 i samme m = 5 m
- ☒ = Løft 1 m som om den skulle strikkast rett, 2 rett saman, løft den første m over
- = Ingen maske

Youtube:

Sjekk ut videoer på korleis strikke chestnut og korleis sy ned løpegangen her:
<https://www.youtube.com/@hettestrikk>

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk / #chestnuthood om du vil. Lykke til!

Elisabeth



Størrelse: Voksen

Garn: Ca. 100 g Drops Air eller 3 tråder HS Angel Fluff (100-150 g)

Pinner: Ca. 5 mm til halsen og 6 mm til hetta

Strikkefastheit: Ca. 18 m / 10 cm på omg 5, 11 og 12

Denne hetta har kun ein størrelse, men du kan lett justere den om du bytter til større eller mindre pinner. Prøv på. Mönsteret med disse kastanjene kan vere litt forvirrende. Eit lurt tips er å strikke Chestnutua først, då forstår du strukturmönsteret, og då blir denne hetta lett å strikke. Om du allereie har strikka halsen, er det berre å gønne på med hetta;)

Forkortinger:

Ils = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

2 rsm = 2 m rett saman

3 sm = løft 1 av som om den skulle strikkast rett, 2 rsm, løft den første m over

5x = 1 rett, 1 kast, 1 rett, 1 kast, 1 rett i samme m (ei kastanje)

7x = 1 rett, 1 kast, 1 **vridd** rett, 1 kast, 1 rett, 1 kast, 1 rett i samme m (ei kastanje + 2 kantmaskar)

vs = vranga

rs = retta

mm = maskemarkør

Oppskrift:

Legg opp med 5 m på pinne 5 mm. Snu. Dette er no retta.

Omg. 1 rs 2 vr, **5x**, 2 vr = 9 m, snu

Omg. 2 vs 2 r, 5 vr, 2 r, snu

Omg. 3 rs 2 vr, 5 r, 2 vr, snu

Omg. 4 vs 2 r, 5 vr, 2 r, snu

Omg. 5 rs 2 vr, **Ils**, 1r, **2 rsm**, 2 vr = 7 m, snu

Omg. 6 vs 2 r, 3 vr, 2 r, snu

Omg. 7 rs **7x**, 1 vr, **3 sm**, 1 vr, **7x** = 17 m, snu

Omg. 8 vs 2 r, 5 vr, (3 r, 5 vr,) 2 r, snu

Omg. 9 rs 2 vr, 5 r, (3 vr, 5 r,) 2 vr, snu

Omg. 10 vs 2 r, 5 vr, (3 r, 5 vr,) 2 r, snu

Omg. 11 rs 2 vr, **Ils**, 1r, **2 rsm**, (3 vr, **Ils**, 1r, **2 rsm**,) 2 vr = 13 m, snu

Omg. 12 vs 2 r, 3 vr, (3 r, 3 vr,) 2 r, snu

Omg. 13 rs **7x**, 1 vr, **3 sm**, (1 vr, **5x**, 1 vr, **3 sm**,) 1 vr, **7x** = 25 m, snu

Gjenta omg 8 til 13, men strikk parentesen 1 gong ekstra for kvar gong du gjentek.

Hals:

Når du du er på rad 9 med nøtter, på slutten av omg 9 i diagrammet, legger du opp 31 m på slutten av omg og føyer arbeidet saman for å strikke rundt. Strikk 2 vr. Sett mm.

Start med på omg 10. No strikker du rundt etter diagrammet til du har 4,5 rader med nøtter etter opplegget i nakken. Avslutt etter ein omg 12 i diagrammet ved slutten av omg. Fjern mm og bryt garnet.

No skal du felle midt framme auke nokre maskar i nakken slik:

Hette:

Bytt til pinne 6. Sett 2 mm rundt dei 9 m midt framme og rundt dei 3 m midt bak. Flytt m slik at du startar ved 1. mm midt framme, sett til nytt garn og fell 9 m. (3 vrang, 3 rett, 3 vrang)

Strikk vidare som m viser til du er ved 1. mm midt bak. Strikk 2 m i kvar av dei 3 midterste vrangmaskane midt bak ved å strikke i fremre og bakre maskeboge = 3 auka. Strikk ut omg. Snu.

Når du når dei 6 midterste m; strikk 3 rett, strikk 2 m i den 4 m, 2 rett = 1 auka. (7 m mellom mm) Strikk ut omg. Snu

Strikk som maskene viser til dei midterste 7 m, strikk 1 vr, 5x, 3 vr, 5x, 1vr i dei 7 m, strikk vidare ut omg. No blir det 2 små ekstra nøtter i nakken for at hetta skal få ei god passform. Fjern MM.

Strikk hetta att og fram slik maskane og diagrammet viser, og dei to små nye nøttene skal fellast inn samstundes som dei andre. Strikk til du har 13,5 rader med nøtter frå opplegget i nakken.

Felling i krone:

Omg 1 rs Når du skal til på rad 14 med nøtter, strikk til du kjem til der du skal strikke den midterste 5x bak på hetta, men i staden for 5x strikker du 1 vr = 4 m felt (dvs ikke auka), strikk ut omg, snu

Omg 2 vs Strikk til du kjem til dei 3 midterste rette m. Strikk disse 3 saman slik; løft 1 m av, 2 r saman, løft den første m over = 2 felt, strikk ut omg, snu

Omg 3 rs Strikk til du kjem til dei 5 midterste vrangmaskane. 2 vr saman, 1 vr, 2 vr saman = 2 felt, strikk ut omg, snu

Omg 4 vs Strikk slik mønsteret viser = 0 m felt

Omg 5 rs Strikk slik mønsteret viser = 0 m felt

Omg 6 vs Strikk slik mønsteret viser = 0 m felt

Omg 7 rs Strikk slik mønsteret viser med bytt ut all 5x med 1 vrang = 44 m felt (ikke auka)

Legg m mot kvarandre, rette mot rette og maske saman maskane på toppen av hetta.